



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1407-1

Sakshandsamar: Marit Haukom Bråstøyl

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Helse og sosialutval		
Formannskap		
Kommunestyre		

Vertskommuneavtale - jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark

Saksframlegg godkjent 30.10.2025.

Åge Verpe

KommunedirektørBakgrunn for saka

Bakgrunnen for at vertskommuneavtale om jordmortjenester kjem opp til revidering er todelt:

1. Vedtak i Kommunestyret i Tinn - 27.03.2025: Kommunestyret i Tinn vil sterkt beklage at STHF (Sykehuset Telemark) sier opp jordmoravtalen, som så langt har gitt en god kommunal jordmortjeneste som del av følgetjenesten. STHF har satt kommunen i en umulig situasjon, der kommunestyret ikke har annet valg enn å stemme for Kommunedirektørens innstilling.
 1. Tinn kommune blir deltaker i samarbeidet om jordmortjenester i Vest-Telemark, på like vilkår som kommunene som er i samarbeidet
 2. Avtalen skal innebære fysisk tilstedeværelse av kommunal jordmortjeneste tilsvarende 40% stilling i Tinn kommune
2. Vertskommunen Vinje har tatt initiativ overfor Tokke kommune for å innlemme Tokke kommune i vertskommuneavtalen på lik linje med dei andre kommunane i vertkommunesamarbeidet.

Tokke har fram til nå, valt å ha eiga jordmor for å utøve det kommunale ansvaret, og har berre vore med på den delen av avtala som omfattar beredskap og følgjetjeneste. Etter drøftingar mellom Tokke og Vinje er Tokke nå tatt med i avtala på lik linje med dei andre kommunane i vertskommunesamarbeidet.

Saksutgreiing

Ansvaret for svangerskap, fødsel og barsel er delt mellom sjukehus og kommunar:

1. Sykehuset Telemark (STHF) har ansvar for beredskap og følgjeteneste der reiseavstanden mellom heimkommunen til den gravide og STHF er 1 ½ time eller meire.
2. Kommunane har ansvar for oppfølging av den gravide i samband med svangerskap og barsel.

Vertskommuneavtala omfattar svangerskap og barsel, og delegerer til vertskommunen å inngå avtale med STHF om beredskap og følgjeteneste.

Dette inneber at jordmorsamarbeidet er omfatta av fylgjande to avtaler:

1. *Vertskommuneavtale* mellom Vinje, Seljord, Kviteseid og Fyresdal, for å sikre forsvarlege og gode jordmortenester i Vest-Telemark relatert til svangerskap og barsel.
2. *Samarbeidsavtale* mellom Vinje som vertskommune og STHF. Dette samarbeidet inneber at dei same jordmødrene utfører både kommunale oppgåver og oppgåver relatert til beredskap og følgjeteneste.

For Tokke sin del har det vore både fordelar og ulemper med å stå delvis utanfor samarbeidet. Jordmor har eit tett og kontinuerleg samarbeid med helsestasjon og fastlegekontor. Kommunen har hatt arbeidsgjevaransvar og kan styre og fordele ressursane hensiktsmessig innad i kommunen, og det er nesten 100% oppslutning av tenesta frå dei gravide i Tokke. Ein ser likevel at å ha ei jordmor i 40% stilling utan moglegheit til vikar er svært sårbart ved frávær og er lite berekraftig. Det er ei stor belastning og gjev mykje ansvar for ei jordmor. Å arbeide aleine er også utfordrande, og krev eit tett samarbeid på tvers av profesjonar i kommunen. Ved å stå utanfor samarbeidet havnar jordmor i Tokke delvis utanfor det faglege jordmorfellesskapet i Vest-Telemark.

Kvinnehelse har vore prioritert høgt i Tokke. Jordmor har ikkje berre fylgt opp gravide gjennom svangerskap, fødsel og barseltid, men har i tillegg nytta ressursar på helsestasjon for ungdom. I samarbeid med fastlegane har jordmor tatt celleprøver, gynekologiske undersøkingar, familieplanlegging/prevensjon, samtaler etter abort osv. Kvinnehelse er eit prioritert felt i jordmorsamarbeidet også. Det skal derfor vere rom for slike oppgåver om me går fullt inn i jordmorsamarbeidet også.

Eit tettare samarbeid om jordmorressursane vil skape meir rom for fagleg samarbeid og oppdatering, samt meir fleksibel utnytting av ressursar ved naturlege svingingar i fødselstal ol. på tvers av kommunane i samarbeidet. Kommunal svangerskaps- og barselomsorg skal vere lokalt i kommunane som no, og beredskap- og følgjeteneste frå jordmorvakta i Seljord, som no. Tokke vil få om lag same stillingsressurs til kommunale oppgåver som me har i dag (40%). Jordmødrene i samarbeidet skal vikariere for kvarandre ved frávær.

Konklusjon

Sidan Tokke går inn i avtale på lik linje med dei andre kommunane (og dermed aukar sitt økonomiske bidrag), Tinn bidreg med same ressursar som dei andre samarbeidskommunane, og STHF aukar sitt bidrag, vil dette gje ei samla stillingsauke som er større er det talet på fødslar i Tinn tilseier. Den samla ressursauken vi derfor gje rom for at jordmødrene får fagleg oppdatering sett i system, mellom anna ved hospitering på STHF.

At det er dei same jordmødrene om utøver både svangerskapsomsorg, beredskap, fylgjeteneste og barselomsorg, er ein fordel både med tanke på kontinuitet og tryggleik for den gravide, samstundes som det gjer det lettare å rekruttere jordmødre i ein krevjande marknad, sidan stillingsheimlane blir større.

Innlemming av Tinn i beredskap og fylgjeteneste vil innebere ein noko endra arbeidssituasjon for jordmødrene i vakt, sidan jordmødrene skal møte dei fødande som kjem frå Tinn, på veg til STHF. Det blir utarbeid eiga rutine for å sikre gjennomføringa av dette, både med tanke på den fødande og jordmor.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune sluttar seg til Avtale om vertskommunesamarbeid om jordmortenester mellom kommunane Vinje, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord og Tinn, slik den fylgjer vedlagt i denne saka.